

**Møteprotokoll**

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	30.09.2025
Tid:	10:00 - 12:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Vik	Leiar	SP
Borghild Storaas Ones	Nestleiar	AP
Bjarte Helland	Medlem	INP
Jan-Ove Fredheim	Medlem	FRP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Beate Gauden	MEDL	MDG

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Michael Iversen	Beate Gauden	AP

Andre som møtte:

Namn	Funksjon
Ragnar Johnstad	Økonomisjef, Kvam herad
Kjartan Haugsnes	Seniorrådgjevar, Vestland fylkeskommune
Miriam Akkouche	Rådgjevar, Vestland fylkeskommune
Annbjörg Ryssdal	Forvaltningsrevisor, Deloitte
Vegard Holm Stråbø	Rekneskapsrevisor, Deloitte

Trygve Vik
utvalsleiarMiriam Akkouche
utvalssekretær*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.05.2025	2023/427	
	Politiske saker		
PS 16/25	Rekneskap og årsmelding for Kvam herad 2024 - orientering om oppfølging av vedtak i KU i sak PS 8/25	2023/430	
PS 17/25	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk	2022/182	
PS 18/25	Revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2025	2023/430	
PS 19/25	Forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Kvam herad - rapport	2024/91	
PS 20/25	Forvaltningsrevisjon av anskaffingar og kontraktsoppfølging - Forslag til prosjektplan	2025/22	
PS 21/25	Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2026	2024/43	
PS 22/25	Gjennomgang av møteprotokollar	2023/428	
PS 23/25	Eventuelt	2023/429	
	Referat saker		
RS 3/25	Referatsaker til møte 30.09.25	2023/423	

GK 5/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 30.09.2025 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Merknader frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet merker seg at innkallinga ikkje ligg tilgjengeleg i møteportal lokalt, og at møteprotokollar og strøymetenesta ikkje fungerer som den skal. Det gjer kontrollutvalet sin rolle som kontrollorgan vanskelegare å gjennomføre.

Innkalling og sakliste vert samrøystes vedteke med merknader.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert samrøystes vedteke med merknadar.

GK 6/25 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.05.2025

Forslag til vedtak

Møteprotokollen frå møte 06.05.2025 vert godkjent.

Saksprotokoll 30.09.2025 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokollen vert samrøystes godkjent.

Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 06.05.2025 vert godkjent.

PS 16/25 Rekneskap og årsmelding for Kvam herad 2024 - orientering om oppfølging av vedtak i KU i sak PS 8/25

Forslag til vedtak

1. Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 30.09.2025 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef Ragnar Johnstad orienterte møtet på vegne av rådmann.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet ser vedtaket som blei gjort i KU i sak PS 8/25 som tilstrekkeleg følgd opp.

PS 17/25 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vurderer at heradet har jobba kontinuerleg og strukturert med betringsarbeidet, og at oppfølginga av heradsstyret sitt vedtak i sak PS 2/2023 er ferdig gjennomført.

Saksprotokoll 30.09.2025 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalseiar introduserte saka.

Forslag til vedtak vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vurderer at heradet har jobba kontinuerleg og strukturert med betringsarbeidet, og at oppfølginga av heradsstyret sitt vedtak i sak PS 2/2023 er ferdig gjennomført.

PS 18/25 Revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2025

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte AS sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2025 vert klar til behandling i møte 2. desember 2025, med frist for levering til sekretariatet 11. november 2025.
3. Kontrollutvalet støttar revisor si tilråding om at tema for den forenkla etterlevingskontrollen for 2025 vert «Korleis sikrar Kvam herad at vedtak for tildeling av særskild tilrettelagt bustad tilfredsstillar krav som blir stilt for legitimering av retten til å krevje meirverdikompensasjon?».
4. Kontrollutvalet ber om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2025, normalt i mai-møtet 2026, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 30.09.2025 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Revisor Vegard Holm Stråbø frå Deloitte AS presenterte tema for forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2025. Deretter presenterte revisor revisjonsplan og risikovurderinga for utvalet.

Forslag til vedtak vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek Deloitte AS sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2025 vert klar til behandling i møte 2. desember 2025, med frist for levering til sekretariatet 11. november 2025.
3. Kontrollutvalet støttar revisor sin tilråding om at tema for den forenkla etterlevingskontrollen for 2025 vert «Korleis sikrar Kvam herad at vedtak for tildeling av særskild tilrettelagt bustad tilfredsstillar krav som blir stilt for legitimering av retten til å krevje meirverdikompensasjon?».
4. Kontrollutvalet ber om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2025, normalt i mai-møtet 2026, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 19/25 Forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Kvam herad - rapport

Forslag til innstilling

1. Heradsstyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Kvam herad til etterretning.
2. Heradsstyret ber rådmann sørge for følgande tiltak:
 1. Går i dialog med nokre av dei offentlege instansane som melder, for å identifisere eventuelle tiltak for å sikre at dei får tilstrekkeleg informasjon og tilbakemelding innanfor regelverket.
 2. Etablere undersøkingsplan og undersøkingsrapport i samband med alle undersøkingar.
 3. Gjennomføre ei oppdatert kartlegging av behovet for hjelpetiltak for å identifisere eventuelle behov for å utvikle nye tiltak.
 4. Sikre at det blir utarbeidd tiltaksplanar for alle barn med vedtak om hjelpetiltak og at tiltaksplanane blir evaluerte.
 5. Sikre at barna sin medverknad i eigen sak og korleis barneverntenesta vurderer og vektlegg barnet sine fråsegn og observasjonar, blir tilstrekkeleg dokumenterte i alle delar av saksprosessen.
 6. Sikre at barna blir informert om retten til tillitsperson og at dette blir dokumentert.
 7. Sikre at barneverntenesta si vurdering av at fosterforeldre er skikka og andre vurderingar som er relevant for barnet i samband med val av fosterheim, blir dokumentert i barnet si saksmappe.
 8. Etablere skriftlege rutinar for gjennomføring av tilsynsbesøk, samt sikre at etablerte rutinar for oppnemning og oppfølging av tilsynsførar blir etterlevd.
 9. Sikre at alle samarbeidsavtalar barneverntenesta har med andre relevante aktørar knytt til det førebyggjande arbeidet blir følgd opp og evaluerte.
3. Heradsstyret ber rådmannen utarbeide handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.02.26 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp pkt. 2 i vedtaket, når tiltaka skal setjast i verk, status i arbeidet og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.

Saksprotokoll 30.09.2025 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Bjarte Helland har for et år siden bedt om å få sin habilitet vurdert. Rådmannen har gjort følgjene vurdering av representanten sin habilitet. Vurderinga i sin heilskap følgjer som vedlegg til protokollen. Dette står med utheva skrift i vurderinga:

Rådmannen viser vidare til at Bjarte Helland kjenner seg sjølv inhabil i saka og at han difor ikkje ønskjer å delta i handsaminga av den. Rådmannen støttar Bjarte Helland si eiga vurdering av eigen habilitet, og meiner at Helland er å rekna som inhabil i saka jf. fvl. § 6, 2. avsnitt og difor ikkje bør delta i handsaminga av saka.

Bjarte Helland gjekk frå ved vurdering av eigen habilitet. Kontrollutvalet fatta så slik samrøystes vedtak i habilitetsspørsmålet:

Bjarte Helland er inhabil i saka jf. fvl. § 6, 2. avsnitt og kan ikkje delta i handsaminga av saka.

Bjarte Helland fråtredde møtet.

Seniorkonsulent Annbjørg Ryssdal frå Deloitte AS orienterte utvalet om rapporten.

Kontrollutvalet vedtek følgjene merknad:

Kontrollutvalet merkar seg følgjande i høyringssvar frå barnevernsleiar:

Kapasitetsutfordringar i tenesta har som konsekvens at utilsikta fråvær av tilsette, eller arbeidsoppgåver utover ordinær drift er krevjande. Fråvær blir blant anna løyst av ekstraordinær innsats frå dei tilsette. I 2024 starta barneverntenesta opp med eigentilsyn i regi av Statsforvalteren, deretter vart forvaltningsrevisjon igangsett. Dette er forhold som ligg utanfor den ordinære drifta, men som krev ressursar frå dei tilsette og som påverkar prioriteringane til tenesta. Fleire av dei forholda som Deloitte sin rapport peikar på som forbettringsområder, er blant anna konsekvensar av uforutsette arbeidsoppgåver. Samstundes ser tenesta behov for å styrke internkontroll og rutinearbeid for å forebygge og hindre lovbrøt i enkeltsaker, herunder arbeid med tiltaksplanar, oppfølging og tilsyn av fosterbarn.

Forslag til vedtak vert samrøystes vedteke med merknad.

Kontrollutvalet ønsker at Deloitte AS presenterer rapporten for heradsstyret, når saka kjem opp der.

Vedtak:

1. Heradsstyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Kvam herad til etterretning.
2. Heradsstyret ber rådmann sørge for følgjande tiltak:
 - 1.Går i dialog med nokre av dei offentlege instansane som melder, for å identifisere eventuelle tiltak for å sikre at dei får tilstrekkeleg informasjon og tilbagemelding innanfor regelverket.
 - 2.Etablere undersøkingsplan og undersøkingsrapport i samband med alle undersøkingar.
 - 3.Gjennomføre ei oppdatert kartlegging av behovet for hjelpetiltak for å identifisere eventuelle behov for å utvikle nye tiltak.
 - 4.Sikre at det blir utarbeidd tiltaksplanar for alle barn med vedtak om hjelpetiltak og at tiltaksplanane blir evaluerte.
 - 5.Sikre at barna sin medverknad i eigen sak og korleis barneverntenesta vurderer og vektlegg barnet sine fråsegn og observasjonar, blir tilstrekkeleg dokumenterte i alle delar av saksprosessen.
 - 6.Sikre at barna blir informert om retten til tillitsperson og at dette blir dokumentert.
 - 7.Sikre at barneverntenesta si vurdering av at fosterforeldre er skikka og andre vurderingar som er relevant for barnet i samband med val av fosterheim, blir dokumentert i barnet si saksmappe.
 - 8.Etablere skriftlege rutinar for gjennomføring av tilsynsbesøk, samt sikre at etablerte rutinar for oppnemning og oppfølging av tilsynsførar blir etterlevd.
 - 9.Sikre at alle samarbeidsavtalar barneverntenesta har med andre relevante aktørar knytt til det førebyggjande arbeidet blir følgd opp og evaluerte.
3. Heradsstyret ber rådmannen utarbeide handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.02.26 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp pkt. 2 i vedtaket, når tiltaka skal setjast i verk, status i arbeidet og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.

PS 20/25 Forvaltningsrevisjon av anskaffingar og kontraktsoppfølging - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av anskaffingar og kontraktsoppfølging frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Eventuell ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 15.10.2025.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, under føresetnad av at maksimalt 140 timar fakturerast i 2025.
4. Det vert også akseptert følgjande:
 - a)Presentasjon av rapporten i Kvam heradsstyre fakturert etter timeforbruk inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte AS si side innan 19.08.2026.

Saksprotokoll 30.09.2025 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Seniorkonsulent Annbjørg Ryssdal frå Deloitte AS presenterte prosjektplan for forvaltningsrevisjon av anskaffingar og kontraktsoppfølging.

Forslag til vedtak vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av anskaffingar og kontraktsoppfølging frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Eventuell ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 15.10.2025.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, under føresetnad av at maksimalt 140 timar fakturerast i 2025.
4. Det vert også akseptert følgjande:
 - a)Presentasjon av rapporten i Kvam heradsstyre fakturert etter timeforbruk inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte AS si side innan 19.08.2026.

PS 21/25 Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2026

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2026, inkludert eventuelle endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak frå rådmannen om budsjett for 2026 for Kvam herad og fram til handsaming i heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet 2026.

Saksprotokoll 30.09.2025 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådgjevar Miriam Akkouche og seniorrådgjevar Kjartan Haugsnes presenterte forslag til budsjett.

Forslag til vedtak vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2026, inkludert eventuelle endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak frå rådmannen om budsjett for 2026 for Kvam herad og fram til handsaming i heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet 2026.

PS 22/25 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Saksprotokoll 30.09.2025 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalsmedlemane orienterte møtet om møta som har blitt gjennomført i heradet.

Forslag til vedtak vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

PS 23/25 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 30.09.2025 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalsmedlemmane hadde ingen sakar til eventuelt.

Vedtak:

Utvalet hadde ingen sakar til eventuelt.

RS 3/25 Referatsaker til møte 30.09.25

Saksprotokoll 30.09.2025 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Referatsakene vert teken til orientering